



# Årdal kommune

## Formannskapet

### MØTEPROTOKOLL

**Møtedato:** 23.04.2026

**Møtetid:** Kl. 08:00 - 09:00

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Saksnr.:** 028/26 – 039/26

| <b>Følgjande medlem møtte</b> | <b>Parti</b> |
|-------------------------------|--------------|
| Anita Hagen Lægreid           | AP           |
| Christian Sønstlien           | AP           |
| Geir Kjetil Øvstetun          | AP           |
| Marie-Helene H. Brandsdal     | AP           |
| Knut Arne Klingenberg         | H            |
| Trude Gjermo                  | H            |

| <b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b> | <b>Parti</b> | <b>Følgjande varamedlem møtte</b> | <b>Parti</b> |
|------------------------------------------|--------------|-----------------------------------|--------------|
| Anne Kauppi                              | AP           | Kirsti Eklund                     | AP           |

|                       |                                     |
|-----------------------|-------------------------------------|
| <b>Møteleiar:</b>     | Ordførar Christian Sønstlien        |
| <b>Frå adm. møte:</b> | Kommunedirektør Mette Hestetun Berg |

## Sakliste

| <b>Sak nr</b> | <b>Sakstittel</b>                                                              |
|---------------|--------------------------------------------------------------------------------|
| PS-028/26     | Konstituering av møte                                                          |
| PS-029/26     | Orienteringssaker                                                              |
| PS-030/26     | Referatsak                                                                     |
| PS-031/26     | Arbeidsdokument 1/26 - Budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030                  |
| PS-032/26     | Framlegg til endring i konsesjonskraftsprisen - høyringssvar frå Årdal kommune |
| PS-033/26     | Søknad om skjenkeløyve - Heilmat Drift AS                                      |
| PS-034/26     | Søknad om skjenkeløyve perioden 2026-2028 - Tya Bakeri AS                      |
| PS-035/26     | Utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrer i 2026                   |
| PS-036/26     | Søknad om dispensasjon på gnr 3 bnr 2, Vikadalsvegen 787                       |
| PS-037/26     | Søknad om dispensasjon på gnr 9 bnr 287 - Sletterustsynet 98, 6884 Øvre Årdal  |
| PS-038/26     | Samlesak for delegerte byggesaker                                              |
| PS-039/26     | Samlesak for delegerte saker                                                   |

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 028/26  | Formannskapet | 23.04.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/503 -  
Ugyldig flettefelt

### Konstituering av møte

1. Opning av møte
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Møteprotokoll - det skal veljast to personar som skal godkjenne møteprotokollen i lag med møteleiar

### 23.04.2026 Formannskapet

Geir Kjetil Øvstetun var innvilga permisjon i starten av møtet. Møter til sak 029/26.

Ingen merknad til innkalling og sakliste.

Framlegg på Knut Arne Klingenberg, H og Kirsti Eklund, AP til å godkjenne og signere møteprotokoll i lag med ordførar.

Samrøystes.

### Fskap - 028/26 Vedtak

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.

Knut Arne Klingenberg, H og Kirsti Eklund, AP skal godkjenne og signere møteprotokoll i lag med ordførar.

# Årdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 029/26  | Formannskapet | 23.04.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/503 -  
Ugyldig flettefelt

### Orienteringssaker

Orientering om aktuelle saker frå ordførar og kommunedirektør.

Ordførar:

1. Årdal vidaregåande skule
2. Omstilling
3. Frådelingssak Naddvik - svar til Statsforvaltaren jf. referatsak

### 23.04.2026 Formannskapet

1. Årdal vidaregåande skule - endring i skuletilbod
2. Omstillingskommune - Årdal har fått status som omstillingskommune
3. Vest Politidistrikt - framlegg om å legge ned politikontor i Årdal og Aurland.
3. Frådelingssak Naddvik - svar fra formannskapet til Statsforvaltaren jf. referatsak.

### Fskap - 029/26 Vedtak

Orienteringane vert tekne til vitande.

# Årdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 030/26  | Formannskapet | 23.04.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/503 -  
Ugyldig flettefelt

## Referatsak

### Dokument i saka:

| Saksnr. | Tittel                                                                                                             |
|---------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|         | Revisjonsmelding 2025 Årdal                                                                                        |
|         | Årdal kommune - gnr. 3 bnr. 9 - deling - varsel om mogeleg omgjeriing i medhald av forvaltningslova § 35           |
|         | Utdjuping av grunngjeving - gnr. 3 bnr. 9 deling og omdisponering                                                  |
|         | Uttale frå Årdal kommune om framlegget om å ikkje starte opp Vg1 studiespesialisering ved Årdal vidaregåande skule |

### 23.04.2026 Formannskapet

### Fskap - 030/26 Vedtak

Referatsaker vart tekne til vitande.

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 031/26  | Formannskapet | 23.04.2026 |

**Sakshandsamar:** Norunn Haugen

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/459 -  
Ugyldig flettefelt

### Arbeidsdokument 1/26 - Budsjett 2027 og økonomiplan 2027-2030

#### Saka gjeld

Kommunedirektøren legg fram oppstart av arbeid med budsjett 2027 og handlings- og økonomiplan 2027 – 2030. Kommunedirektøren legg opp til at det blir utarbeida eit arbeidsdokument til kvart budsjettmøte i Formannskapet. Målet er å sikre god forankring og god involvering i budsjettprosessen.

#### Drøfting

Formannskapet får i denne saka framlagt arbeidsdokument 1/26 og tek stilling til prosess, økonomiske måltal og rammer for budsjettprosessen.

Arbeidsdokument 1/26 ligg ved.

#### Tilråding:

1. Formannskapet vedtek framdrift slik det er skissert i tilråding 1
2. Formannskapet vedtek at følgjande måltal skal leggst til grunn som handlingsreglar for i økonomiplanlegginga for perioden 2027-2030:
  - a. Netto driftsresultat > 1,75%
  - b. Gjeldsgrad < 75%
  - c. Disposisjonsfond >10% av brutto driftsinntekter.
3. Formannskapet legg til grunn at prioriteringar og økonomiske rammer byggjer på analysar, tilgjengeleg statistikk og innsikt/erfaring/læring.
4. Formannskapet legg til grunn at handlingsdelen i økonomiplan inkluderer ein mål og tiltaksstruktur som speglar prioriteringane som vert gjort i neste 4-årsperiode. Mal for mål og tiltaksstruktur vert lagt fram som ein del av arbeidsdokument 2.

Formannskapet tek elles arbeidsdokument 1/26 til vitande.

## **23.04.2026 Formannskapet**

Tilråding vart teken opp til røysting.  
Samrøystes.

### **Fskap - 031/26 Vedtak**

1. Formannskapet vedtek framdrift slik det er skissert i tilråding 1
2. Formannskapet vedtek at følgjande måltal skal leggst til grunn som handlingsreglar for i økonomiplanlegginga for perioden 2027-2030:
  - a. Netto driftsresultat > 1,75%
  - b. Gjeldsgrad < 75%
  - c. Disposisjonsfond >10% av brutto driftsinntekter.
3. Formannskapet legg til grunn at prioriteringar og økonomiske rammer byggjer på analysar, tilgjengeleg statistikk og innsikt/erfaring/læring.
4. Formannskapet legg til grunn at handlingsdelen i økonomiplan inkluderer ein mål og tiltaksstruktur som speglar prioriteringane som vert gjort i neste 4-årsperiode. Mal for mål og tiltaksstruktur vert lagt fram som ein del av arbeidsdokument 2.

Formannskapet tek elles arbeidsdokument 1/26 til vitande.

### **Vedlegg:**

Arbeidsdokument 1-26

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 032/26  | Formannskapet | 23.04.2026 |

**Sakshandsamar:** Norunn Haugen

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 25/144 -  
Ugyldig flettefelt

### Framlegg til endring i konsesjonskraftsprisen - høyringssvar frå Årdal kommune

#### Saka gjeld

Energidepartementet sende 23. januar 2026 ut eit høyringsnotat med forslag til endringar i prisregima for konsesjonskraft. Høyringsfristen er 24. april 2026.

#### Bakgrunn

Konsesjonskrafta er den viktigaste av ordningane som inngår i samfunnskontrakten mellom storsamfunnet, kraftbransjen og vertskommunane.

Forslaga frå Energidepartementet omfattar to lovendringar:

1. Samanslåing av prisregima før og etter 1959 til ei felles prisfastsetjing
2. Endring av kva kraftverk som skal inngå i den gjennomsnittlege sjølvkostberekninga

I høyringsnotatet vert det også foreslått andre endringar i grunnlaget for prisberekninga som ikkje vil krevje lovendringar.

Lenke til høyringa på regjeringa sine sider: [Høring - Endringer i vannfallrettighetsloven og vassdragsreguleringsloven \(felles konsesjonskraftpris\) - regjeringen.no](#)

Høyringsnotatet som omtalar endringane i framlegget vert lagt som vedlegg.

#### Drøfting

Landsamanslutninga for Vasskraftkommunar (LVK) har vurdert framlegga frå Energidepartementet og utarbeida eit framlegg til moment som kommunane kan ta med i sine uttaler. LVK støttar generelt framlegget om samanslåing av dei to prisregima, men støttar ikkje framlegga om andre endringar i grunnlaget for konsesjonskraftsprisen, som vil auke prisen med fleire per øre/kWh.

Årdal kommune sel konsesjonskrafta til Årdal kraftlag AS. Innkjøpsprisen på konsesjonskrafta påverkar inntekter frå kjøp og sal av konsesjonskraft.



Administrasjonen utarbeider framlegg til uttale der konsekvensar for Årdal blir teke med. Uttale vert sendt på e-post til formannskapet sine medlemmar før møtet, slik at formannskapet har det som utgangspunkt i handsaming av høyringssaka.

**Tilråding:**

Formannskapet vedtek slik høyringsuttale til framlegg om endringar i prisregime for konsesjonskraft:

**23.04.2026 Formannskapet**

Tilråding vart teken opp til røysting.  
Samrøystes.

**Fskap - 032/26 Vedtak**

Formannskapet vedtek framlegg til høyringsuttale om endringar i prisregime for konsesjonskraft:

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 033/26  | Formannskapet | 23.04.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/490 -  
Ugyldig flettefelt

### Søknad om skjenkeløyve - Heilmat Drift AS

#### Saka gjeld

Søknad frå Heilmat Drift AS om allment skjenkeløyve.

#### Bakgrunn

Heilmat Drift AS, org.nr. 937 496 923, har søkt om allment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 ved Heilmat, lokalisert i Storevegen 3, 6884 Øvre Årdal.

Verksemda skal drivast som kafé og møtestad med hovudvekt på matservering, kafédrift og arrangement i mindre skala. Skjenking av alkohol er opplyst å vere eit avgrensa supplement til mattilbodet. Det er om lag 35 sitjeplassar inne og 20 sitjeplassar ute.

Det er søkt om skjenkeløyve i følgjande tidsrom:

– Inne: kl. 10.00–24.00

– Ute: kl. 10.00–16.00

Ann Helen Bukve er søkt som styrar for løyvet og har bestått kunnskapsprøva i alkohollova. Vigdis Lio er søkt som avløysar. Avløysar har ikkje bestått kunnskapsprøva, og det vert stilt vilkår om at denne vert gjennomført innan 15. juni 2026.

Politi og skattemyndigheit har gjennomført vandelskontroll i samsvar med alkohollova § 1-7 b. Det er ikkje motteke merknader på vandel.

I tråd med alkohollova § 1-7 andre ledd er det innhenta uttale frå sosialtenesta/NAV;

#### Uttale frå rustenesta

Fagleiar i rustenesta har følgjande uttale til søknaden;

*Heilmat Drift AS, søker om skjenkeløyve for konsept med same namn i Storevegen 3 i Øvre Årdal.*

*I alkohollova § 1-7, 2.ledd går det fram at før kommunestyret avgjer søknaden skal det ligge føre uttale frå mellom anna sosialtenesta/NAV.*

*Det går fram av søknaden at Heilmat Drift AS, ligg i sentrum i Øvre Årdal. Det skal vere ein kafe med fokus på reine, enkle og sunne matrettar. Det vil bli servert kaffe, alkoholfrie drikkevarer og eit avgrensa utval av alkohol. Staden vil og brukast til mindre arrangement og kurs, går det fram av søknaden. Det vert søkt om skjenking av alkohol i gruppe 1 og 2 , øl og vin, inne og ute.*

*Ut frå ein rusmiddelpolitisk ståstad er det ikkje ønskjeleg at det vert skjenka alkohol i konsept som og er ope for barn og unge. Ein kafe er eit døme på ein møteplass der og barn og unge tek del. Auka tilgang gir auka bruk og er av rusmiddelpolitisk omsyn lite ønskjeleg. Om det likevel vert opna opp for det, er det viktig at skjenketidene samsvarar med skjenketidene i retningslinjene i den rusmiddelpolitisk handlingsplanen i kommunen.*

## **Drøfting**

Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk kan tildelast verksemdar som oppfyller vilkåra i alkohollova og tilhøyrande forskrifter. Kommunen kan fastsetje skjenketider og andre vilkår innanfor rammene i alkohollova § 4-4.

Søknaden frå Heilmat Drift AS er vurdert i samsvar med alkohollova og Årdal kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer. Verksemda skal drivast som kafé og møteplass med fokus på reine, enkle og sunne matrettar. Det skal serverast kaffi, alkoholfrie drikkevarer og eit avgrensa utval alkohol. Verksemda skal også nyttast til mindre arrangement og kurs som kafé og bakeri med enkel servering. Konseptet vert vurdert å liggje innanfor rammene for ordinær skjenkeverksemd.

Det er søkt om skjenkeløyve inne og ute. Det omsøkte uteområdet ligg i sentrum av Øvre Årdal, tett opp mot offentlig veg- og gangareal. Det er gjennomgangsferdsel i området, og utearealet har avgrensa fysisk skilje mot trafikkareal.

Kommunedirektøren vurderer at skjenking på uteområde på denne staden kan føre til uoversiktlege og utrygge situasjonar, og at omsynet til trafikktryggleik og allmenn ferdsel difor tilseier at det ikkje bør givast skjenkeløyve for uteområde. Restaurant i nabobygg har heller ikkje fått løyve til skjenking ute med same grunngeving.

Når det gjeld skjenking innandørs, vurderer kommunedirektøren at dette kan gjennomførast på ein meir oversiktleg og kontrollert måte, og i tilknytning til matsservering.

Det ligg føre opplysningar om at personar med eigar- og driftsrolle i selskapet tidlegare har vore involverte i verksemd som har gått konkurs. Det ligg ikkje føre opplysningar om brot på alkohollovgivinga, økonomisk kriminalitet eller andre forhold som gir grunnlag for å vurdere vandelen som ikkje-uklanderleg. Det ligg ikkje føre merknader frå politi eller skattemyndigheit som er til hinder for å gi løyve.

Kommunedirektøren vurderer på denne bakgrunnen at vandelskravet etter alkohollova § 1-7c er oppfylt.

## **Økonomi**

Alle som har sals- eller skjenkeløyve skal betale årleg løyvegebyr, jf. alkoholforskrifta kapittel 6. Minimumsgebyr for skjenkeløyve er kr 6 100 (2026), avhengig av omsetnad.

Omsetningsoppgåve skal sendast inn årleg innafor fastsette fristar.

### **Folkehelseperspektiv**

Ansvarleg alkoholhandtering er ein viktig del av kommunen sitt folkehelsearbeid. Kommunen skal balansere omsynet til folkehelse og tryggleik opp mot næringa sitt behov for føreseielege rammevilkår.

### **Juridisk vurdering**

Søknaden er handsama etter alkohollova med tilhøyrande forskrifter og kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer. Det er ikkje avdekka juridiske forhold som hindrar at det vert gitt skjenkeløyve til Heilmat Drift AS.

### **Tilråding:**

Med heimel i alkohollova §§ 1-7 og 4-2 vert det gitt allment skjenkeløyve til Heilmat Drift AS, org. nr. 937 496 923, for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 ved verksemda Heilmat, Storevegen 3, 6884 Øvre Årdal. Løyvet gjeld for perioden frå vedtaksdato i 2026 og til 30.09.2028.

Skjenkeløyvet gjeld skjenking innandørs. Søknaden om skjenkeløyve på uteområde vert avslått, jf. alkohollova § 1-7, med bakgrunn i trafikale og tryggleiksmessige tilhøve.

1. Det blir gjeve skjenkeløyve måndag til søndag i følgjande tidsrom:
  - a. Gruppe 1 og 2: kl. 12.00 – 24.00
  - b. Alt konsum av alkoholhaldig drikk skal opphøre seinast 30 minutt etter skjenketid slutt, jf. alkohollova § 4-4 sjuande ledd.
2. Ann Helen Bukve vert godkjend som styrar for skjenkeløyvet. Vigdis Lio vert godkjent som avløyсар med krav om godkjent kunnskapsprøve innan 15. juni 2026.
3. Styrar og avløyсар er plikta til å gjennomføre e-læringskurs i ansvarleg vertskap.
4. Verksemda skal sørge for tilstrekkeleg vakthald og ordensoppsyn ut frå gjestetel, alkoholservering og opningstid.
5. Styrar har ansvar for at reglar om skjenking, aldersgrense og ansvarleg alkoholhandtering vert følgde.
6. Faktisk omsett mengd alkohol skal rapporterast årleg innan 1. april.

Brot på alkohollova eller vilkåra i løyvet kan føre til reaksjonar etter alkohollova, herunder endring eller inndraging av løyvet.

### **23.04.2026 Formannskapet**

Tilråding vart teken opp til røysting.  
Samrøystes.

### **Fskap - 033/26 Vedtak**

Med heimel i alkohollova §§ 1-7 og 4-2 vert det gitt allment skjenkeløyve til Heilmat Drift AS, org. nr. 937 496 923, for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 ved verksemda Heilmat, Storevegen 3, 6884 Øvre Årdal. Løyvet gjeld for perioden frå vedtaksdato i 2026 og til 30.09.2028.

Skjenkeløyvet gjeld skjenking innandørs. Søknaden om skjenkeløyve på uteområde vert avslått, jf. alkohollova § 1-7, med bakgrunn i trafikale og tryggleiksmessige tilhøve.

1. Det blir gjeve skjenkeløyve måndag til søndag i følgjande tidsrom:
  - a. Gruppe 1 og 2: kl. 12.00 – 24.00
  - b. Alt konsum av alkoholhaldig drikk skal opphøre seinast 30 minutt etter skjenketid slutt, jf. alkohollova § 4-4 sjuande ledd.
2. Ann Helen Bukve vert godkjend som styrar for skjenkeløyvet. Vigdis Lio vert godkjent som avløysar med krav om godkjent kunnskapsprøve innan 15. juni 2026.
3. Styrar og avløysar er plikta til å gjennomføre e-læringskurs i ansvarleg vertskap.
4. Verksemda skal sørge for tilstrekkeleg vakthald og ordensoppsyn ut frå gjestetel, alkoholservering og opningstid.
5. Styrar har ansvar for at reglar om skjenking, aldersgrense og ansvarleg alkoholhandtering vert følgde.
6. Faktisk omsett mengd alkohol skal rapporterast årleg innan 1. april.

Brot på alkohollova eller vilkåra i løyvet kan føre til reaksjonar etter alkohollova, herunder endring eller inndraging av løyvet.

**Vedlegg:**

område uteservering

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 034/26  | Formannskapet | 23.04.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 24/235 -  
Ugyldig flettefelt

### Søknad om skjenkeløyve perioden 2026-2028 - Tya Bakeri AS

#### Saka gjeld

Søknad frå Tya Bakeri AS om nytt allment skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk.

#### Bakgrunn

Tya Bakeri AS (org.nr. 914 866 898) har sendt inn søknad om nytt allment skjenkeløyve for verksemda Tya Bakeri, lokalisert i Storevegen 16–18, 6884 Øvre Årdal. Driftskonseptet er kafé/pub og bakeri med servering av enkel mat.

Verksemda har tidlegare hatt skjenkeløyve i lokala, men har i ein periode vore utan eige skjenkeløyve då eit anna selskap har hatt skjenkeløyve i same lokale. Dette selskapet er avslutta, og det er per i dag ikkje eit aktivt skjenkeløyve knytt til lokala.

Med bakgrunn i dette søker Tya Bakeri AS no om nytt skjenkeløyve for same lokale som tidlegare.

Søknaden gjeld:

- skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3
- skjenking innandørs og på avgrensa, inngjerda uteservering
- skjenkeløyve alle dagar i kommunen si fastsette skjenketid

Det er oppgitt om lag:

- 100 sitjeplassar innandørs
- 200 sitjeplassar på uteservering

Situasjonskart for uteserveringa er vedlagt søknaden.

Det er søkt om Roxane Beatrice Ene som styrar for løyvet, med Cristian Ionut Ene som avløysar. Begge har bestått kunnskapsprøva i alkohollova i 2026.

Politi og skattemyndigheit har gjennomført vandelskontroll i samsvar med alkohollova § 1-7 b. Det er ikkje motteke merknader på vandel som skal takast omsyn til i vurderinga av søknaden.

## **Uttale frå rustenesta**

Fagleiar i rustenesta har følgjande uttale til søknaden;

*Tya Bakeri as, søker om skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 på skjenkestaden Tya, Storevegen 16 – 18 i Øvre Årdal. I alkoholova § 1-7, 2. ledd går det fram at det skal liggje føre uttale frå mellom anna sosialtenesta i samband med søknad om løyve for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk.*

*I søknaden går det fram at lokalet og arealet vert definert som bakeri/kafe og kafe/pub. Det går ikkje fram i søknaden kor tid på døgnet konseptet går over frå å vere Bakeri/kafe til kafe /pub. Skjenkearealet er lokala innandørs fordelt over to etasjar, samt uteservering i areal som er skildra i kart som følgjer i vedlegg til søknaden. Det vert søkt om skjenking av alkohol i gruppe 1, 2 og dagleg, i tida 08.00 – 02.00 alle dagar. Det går ikkje fram av søknaden kor tid på døgnet det vert innført aldersgrense i lokalet.*

*Ut i frå ein rusmiddelpolitisk ståstad er det ikkje ønskeleg at det vert skjenka alkohol i konsept som er opne for mindreårige. Det må såleis avklarast kor tid konseptet er ope for alle og kor tid det vert sett aldersgrense for deltaking i lokalet. Ut i frå sosiale og helsemessige omsyn ser vi det og som ein fordel at det ikkje vert skjenka brennevin (alkohol i gruppe 3), i konsept som og er opne for ungdom mellom 18- 20 år.*

*Viser til Årdal kommune sine retningslinjer for sal og skjenking, der det går fram under pkt 2 om omfanget av løyvet av alkohol, at konseptet skal avgrensast til alkohol i gruppe 1 og 2, øl og vin. Det går og fram at der skjenkeløyvet omfattar uteservering kan skjenking skje til kl 24.00. Det er og viktig at det vert gjort markering av utemorådet, til dømes ved bruk av gjerdar. Likeeins er det viktig at sikkerheita vert godt nok ivareteken ved godt vakthald.*

## **Drøfting**

Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk kan tildelast verksemdar som oppfyller vilkåra i alkoholova og tilhøyrande forskrifter. Kommunen kan fastsetje skjenketider og andre vilkår innanfor rammene i alkoholova § 4-4.

Søknaden frå Tya Bakeri AS er vurdert i samsvar med alkoholova og Årdal kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer. Verksemda sitt driftskonsept som kafé og bakeri med enkel servering vert vurdert å liggje innanfor rammene for ordinær skjenkeverksemd. Styrar og avløyssar oppfyller krava til vandel og kompetanse, og det ligg ikkje føre merknader frå politi eller skattemyndigheit som er til hinder for å gi løyve.

Rustenesta har i si uttale peikt på rusmiddelpolitiske og folkehelsefaglege omsyn knytt til kombinasjonen av bakeri/kafé og kafé/pub, særleg når det gjeld skjenking i lokale som kan vere opne for mindreårige delar av dagen, samt skjenking av alkohol i gruppe 3. Desse merknadene vert vurderte som relevante og viktige.

Kommunedirektøren meiner samstundes at dei omsyna rustenesta peikar på kan ivaretakast gjennom klare og føreseielege vilkår knytt til drifta av skjenkeløyvet. Dette gjeld særleg krav om tydeleg skilje mellom dags- og kveldskonsept, tidspunkt for innføring av aldersgrense, avgrensing av skjenking på uteareal og krav til orden og tryggleik.

Ved vurderinga er det også lagt vekt på likehandsaming. Tya Bakeri AS har tidlegare hatt skjenkeløyve i same lokale, og fleire verksemdar i sentrum med samanliknbart konsept og

opningstider har fått skjenkeløyve som omfattar alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Administrasjonen vurderer at ei avgrensing av alkoholgruppene i dette tilfellet ikkje har tilstrekkeleg sakleg grunnlag, gitt at aktuelle omsyn vert regulerte gjennom vilkår.

Etter ei samla vurdering finn kommundirektøren grunnlag for å innvilge søknaden om nytt allment skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3, med vilkår fastsette med heimel i alkohollova.

### **Økonomi**

Alle som har sals- eller skjenkeløyve skal betale årleg løyvegebyr, jf. alkoholforskrifta kapittel 6. Minimumsgebyr for skjenkeløyve er kr 6 100 (2026), avhengig av omsetnad.

Omsetningsoppgåve skal sendast inn årleg innafor fastsette fristar.

### **Folkehelseperspektiv**

Ansvarleg alkoholhandtering er ein viktig del av kommunen sitt folkehelsearbeid. Kommunen skal balansere omsynet til folkehelse og tryggleik opp mot næringa sitt behov for føreseielege rammevilkår.

### **Juridisk vurdering**

Søknaden er handsama etter alkohollova med tilhøyrande forskrifter og kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer. Det er ikkje avdekka juridiske forhold som hindrar at det vert gitt nytt skjenkeløyve til Tya Bakeri AS.

### **Tilråding:**

Med heimel i alkohollova §§ 1-7 og 4-2 vert det gitt allment skjenkeløyve til Tya Bakeri AS for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 ved verksemda Tya Bakeri, Storevegen 16–18, 6884 Øvre Årdal. Løyvet gjeld for perioden frå vedtaksdato i 2026 og til 30.09.2028.

Skjenkeløyvet gjeld skjenking innandørs og på avgrensa inngjerda uteservering, og vert gitt på følgjande vilkår:

1. Det blir gjeve skjenkeløyve måndag til søndag i følgjande tidsrom:
  - a. Gruppe 1 og 2: kl. 12.00 – 02.00
  - b. Gruppe 3: kl. 19.00 – 01.00
  - c. Skjenketida for uteservering vert sett til kl. 24.00
  - d. Alt konsum av alkoholhaldig drikk skal opphøre seinast 30 minutt etter skjenketid slutt, jf. alkohollova § 4-4 sjuande ledd.
2. Roxane Beatrice Ene vert godkjend som styrar for skjenkeløyvet, med Cristian Ionut Ene som avløysar.
3. Styrar og avløysar er plikta til å gjennomføre e-læringskurs i ansvarleg vertskap.
4. Verksemda skal sørge for tilstrekkeleg vakthald og ordensoppsyn ut frå gjestetel, alkoholservering og opningstid.
5. Styrar har ansvar for at reglar om skjenking, aldersgrense og ansvarleg alkoholhandtering vert følgde.
6. Faktisk omsett mengd alkohol skal rapporterast årleg innan 1. april.



Brot på alkohollova eller vilkåra i løyvet kan føre til reaksjonar etter alkohollova, herunder endring eller inndraging av løyvet.

## **23.04.2026 Formannskapet**

Tilråding vart teken opp til røysting.  
Samrøystes.

### **Fskap - 034/26 Vedtak**

Med heimel i alkohollova §§ 1-7 og 4-2 vert det gitt allment skjenkeløyve til Tya Bakeri AS for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 ved verksemda Tya Bakeri, Storevegen 16–18, 6884 Øvre Årdal. Løyvet gjeld for perioden frå vedtaksdato i 2026 og til 30.09.2028.

Skjenkeløyvet gjeld skjenking innandørs og på avgrensa inngjerda uteservering, og vert gitt på følgjande vilkår:

1. Det blir gjeve skjenkeløyve måndag til søndag i følgjande tidsrom:
  - a. Gruppe 1 og 2: kl. 12.00 – 02.00
  - b. Gruppe 3: kl. 19.00 – 01.00
  - c. Skjenketida for uteservering vert sett til kl. 24.00
  - d. Alt konsum av alkoholhaldig drikk skal opphøre seinast 30 minutt etter skjenketid slutt, jf. alkohollova § 4-4 sjuande ledd.
2. Roxane Beatrice Ene vert godkjend som styrar for skjenkeløyvet, med Cristian Ionut Ene som avløysar.
3. Styrar og avløysar er plikta til å gjennomføre e-læringskurs i ansvarleg vertskap.
4. Verksemda skal sørge for tilstrekkeleg vakthald og ordensoppsyn ut frå gjestetel, alkoholservering og opningstid.
5. Styrar har ansvar for at reglar om skjenking, aldersgrense og ansvarleg alkoholhandtering vert følgde.
6. Faktisk omsett mengd alkohol skal rapporterast årleg innan 1. april.

Brot på alkohollova eller vilkåra i løyvet kan føre til reaksjonar etter alkohollova, herunder endring eller inndraging av løyvet.

### **Vedlegg:**

Situasjonskart - uteservering

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 035/26  | Formannskapet | 23.04.2026 |
| 019/26  | Kommunestyret | 30.04.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/493 -  
Ugyldig flettefelt

### Utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrer i 2026

#### Saka gjeld

Prinsippavklaring om Årdal kommune skal opne for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrer 2026. Ei slik opning føreset at Stortinget vedtek naudsynte mellombelse endringar i alkohollova.

#### Bakgrunn

Regjeringa har sendt proposisjon (Prop. 88 L) til Stortinget om mellombels endring av alkohollova. Endringa opnar for at kommunane kan tillate skjenking av alkoholhaldig drikke under 22 volumprosent utover ordinær maksimaltid i samband med fotball-VM for herrer 2026. Unntaket gjeld perioden 11. juni til 19. juli 2026, og føreset at skjenkestaden viser direktesende VM-kampar for gjestene.

Dersom endringa vert vedteken nasjonalt, er det opp til kvar enkelt kommune å avgjere om og i kva omfang utviding av skjenketid skal nyttast.

I Årdal kommune har to godkjende skjenkeverksemdar signalisert at dei ønskjer å søkje om utvida skjenketid i samband med fotball-VM, dersom kommunen opnar for dette.

Saka vert lagd fram som ei prinsipiell avklaring innanfor rammene av alkohollova, kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer og rusfagleg handlingsplan.

Gjeldande regelverk og kommunale føringar

- Alkohollova gir kommunen ansvar for fastsetjing av skjenketider.
- Alkoholpolitiske retningslinjer i Årdal kommune skal sikre trygge og føreseielege rammer for skjenking.
- Rusfagleg handlingsplan for Årdal kommune har som mål å redusere rusrelaterte skadar, med særleg omsyn til barn, unge og sårbare grupper.

Ei eventuell opning for utvida skjenketid må vurderast opp mot desse føringane.

## **Skjenketider i Årdal kommune**

*Gjeldande skjenketider er:*

- *Gruppe 1 (øl) og gruppe 2 (vin): kl. 08.00–02.00*
- *Gruppe 3 (brennevin): kl. 13.00–01.00*

Klingenberg hotell har, som einaste turisthotell, skjenketid for gruppe 1, 2 og 3 til kl. 03.00, jf. kommunestyrevedtak frå 1993.

*Der skjenkeløyvet omfattar uteservering, kan skjenking skje ute til kl. 24.00.*

*Forbruk av skjenkt alkohol skal avsluttast seinast 30 minutt etter skjenketida, jf. alkohollova § 4-4.*

## **Drøfting**

Ei opning for mellombels utvida skjenketid kan gi positive verknader for lokale skjenkestader, særleg i samband med VM-kampar som vert sendt seint på kveld eller natt. Skjenking vil i så fall skje innanfor etablerte rammer, med krav til ansvarleg vertskap og kommunal kontroll. Samtidig viser erfaring at utvida skjenketid kan føre til auka alkoholkonsum og fleire rusrelaterte hendingar. Dette kan gi større belastning på politi, legevakt og helse- og omsorgstenester, og er ikkje i samsvar med målsetjingane i kommunen sitt rusførebyggjande arbeid.

Liberaliserte skjenketider kan òg ha uheldige signaleffektar, særleg sett i lys av førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Vidare kan sjølv mellombelse unntak skape forventningar om varige endringar i kommunen sin skjenkepolitikk.

Kommunedirektøren vurderer at saka inneber ei politisk avveging mellom omsynet til næringsliv og arrangement på den eine sida, og omsynet til folkehelse, tryggleik og førebyggjande arbeid på den andre sida.

Det ligg føre tydelege faglege tilrådingar frå kommuneoverlege, folkehelsekoordinator og rusfagleg ansvarleg om at utvida skjenketid ikkje vert tilrådd. Vurderingane er i tråd med målsetjingane i kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer og rusfaglege handlingsplan.

Fotball-VM er i skuleferien, ein periode som i førebyggjande arbeid vert vurdert som meir sårbar. Barn og unge har mindre struktur i kvardagen, og auka synlegheit av natteliv og rus kan verke uheldig.

Vidare fell perioden saman med ferieavvikling i helse- og omsorgstenestene, noko som kan redusere beredskap og tilgangen til tenestene er meir sårbare.

Sjølv om det er signalisert interesse frå to skjenkeverksemdar, må det vurderast om næringsomsyn bør overvege dei langsiktige omsyna til folkehelse, førebygging og ein restriktiv alkoholpolitikk.

## **Folkehelse**

Alkohol er ein sentral risikofaktor for redusert folkehelse, og regulering av skjenketider er eit viktig verkemiddel for å avgrense tilgjenge og skadeverknader. Auka tilgang på alkohol på nattetid er dokumentert å auke risiko for vald, ulukker og helserelaterte hendingar.

## **Økonomi**

Alkohollova gir kommunen høve til å krevje gebyr for sakshandsaming og kontroll. Ei eventuell opning for mellombels utvida skjenketid vil medføre meirarbeid for kommunen knytt til sakshandsaming, vilkårsvurdering, kontroll og oppfølging. Opning for utvida skjenketid bør

difor løyse ut ekstra gebyr eller krav om dekning av kostnader til kontroll og tilsyn, slik at kommunen ikkje får auka meirutgifter.

### **Miljø**

Saka er vurdert å ikkje ha vesentlege direkte konsekvensar for ytre miljø. Eventuelle indirekte verknader, som støy og trafikk i nattetid, vert vurderte som avgrensa og mellombelse.

### **Juridisk vurdering**

Lokal opning for utvida skjenketid føreset at Stortinget vedtek mellombels endringar i alkohollova. Eventuelle lokale vedtak må vere i samsvar med alkohollova, forskrift og kommunale retningslinjer.

### **Pro et contra**

Argument for utvida skjenketid

- Næringsomsyn og auka lokal omsetnad
- Skjenking i kontrollerte rammer
- Skjenkestader som sosial møteplass
- Tidsavgrensa og mellombels ordning

Argument mot utvida skjenketid

- Folkehelseomsyn og rusførebygging
- Kan føre til auka belastning på kommunale tenester
- Klar fagleg tilråding frå helse- og rusfagleg hald
- Uheldige signaleffektar

Kommunedirektøren vurderer at Årdal kommune, med føresetnad om Stortinget sitt vedtak, kan velje anten å opne for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, eller å vidareføre gjeldande skjenketider. Begge alternativa ligg innanfor kommunen sitt handlingsrom og inneber ei avveging mellom omsynet til næringsliv og arrangement, og omsynet til folkehelse, tryggleik og førebyggjande arbeid.

Val av løysing er ei politisk vurdering.

### **Alternativ 1**

Årdal kommune opnar, under føresetnad av Stortinget sitt vedtak, for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, med følgjande avgrensingar og vilkår:

1. ordninga er tidsavgrensa til perioden 11. juni – 19. juli 2026
2. ordninga gjeld berre skjenking av alkohol under 22 volumprosent
3. utvida løyve kan kun tildelast til dei som har allment skjenkeløyve og som viser direktesende VM-kampar
4. det vert stilt krav om ekstra gebyr og forsterka kontroll
5. kommunedirektøren får delegert fullmakt til å tildele løyve og til å fastsetje nærare vilkår for gebyr, vakthald og kontroll

### **Alternativ 2**

Årdal kommune opnar ikkje for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, og gjeldande skjenketider vert vidareført som dei er.

Kommunedirektøren vurderer at omsynet til folkehelse og førebyggjande arbeid bør vegast tungt i saka. Det ligg føre klare faglege tilrådingar om at utvida skjenketid ikkje vert tilrådd, og desse vurderingane er i tråd med målsetjingane i kommunen sin rusfaglege handlingsplan og alkoholpolitiske retningslinjer.

Kommunedirektøren vurderer med bakgrunn i dette at Årdal kommune ikkje opnar for mellombels utvida skjenketid under fotball-VM og tilrår alternativ 2.

**Tilråding:**

Årdal kommune opnar ikkje for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, og gjeldande skjenketider vert vidareført som dei er.

**23.04.2026 Formannskapet**

Tilråding vart teken opp til røysting.

Vedteke mot 1 røyst (AP)

**Fskap - 035/26 Vedtak**

Årdal kommune opnar ikkje for mellombels utvida skjenketid i samband med fotball-VM for herrar 2026, og gjeldande skjenketider vert vidareført som dei er.

**Vedlegg:**

Prop88L - midlertidig endring av maksimaltid for skjenking

Innspel om utvida skjenketid frå kommuneoverlege og folkehelsekoordinator

Uttale fotball-VM - uttale frå fagleiar rustenesta

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 036/26  | Formannskapet | 23.04.2026 |

**Sakshandsamar:** Sebastian Hjertager Lund

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/15 -  
Ugyldig flettefelt

### Søknad om dispensasjon på gnr 3 bnr 2, Vikadalsvegen 787

#### Saka gjeld

LA-BIM søker på vegne av tiltakshavar om dispensasjon frå byggegrensa mot sjø og vassdrag, arealføremålet og avstand til kommunal veg for oppføring av ein frittliggjande einebustad på gnr 3 bnr 2, Vikadalsvegen 787.

#### Bakgrunn

Det søkjast å dispensera frå arealføremålet i gjeldande reguleringsplan for del av eigedomen gnr 3 bnr 2 i Naddvik. Bustadhuset har ein grunnflate på 96 m<sup>2</sup>, og skal plasserast 6,5 meter frå senterlinja på vegen og i snitt fem meter frå fjorden. Vest for bustaden ligg det i dag eit naust/reiskapshus som skal rivast for å få plass til bustadhuset.

#### Reguleringsplan og kommuneplan

Tiltaksområdet er regulert av reguleringsplan for *Holebyen-Naddvik* planID: 4643\_1424-1993001, vedteken 27.05.1993. Området er regulert til *annet friområde i sjø/vassdrag og park (leik)*. I kommuneplanen er store delar av tiltaksområdet regulert til *småbåthamn* medan ein liten del heilt i sør, er regulert til bustadområde.



Figur 1:Utklipp av delar av reguleringsplan. Raud firkant syner huset (storleik er korrekt medan plassering kan avvike noko +/- 1m avvik

Saka vart sendt på høyring til Statsforvaltaren i Vestland, NVE og Vestland fylkeskommune. Alle instansar har kome med tilbakemelding på søknaden.

#### Statsforvaltaren i Vestland

Syner til at tiltaket ikkje er i tråd med korkje gjeldande reguleringsplan eller kommuneplan. Dei vurderer at bustadhuset har ein klart uheldig plassering tett på strandkanten og inni ei naustrekkje. Vidare legg dei til at sjølv om de ligg eit par eksisterande bustadhus nær strandkanten i Naddvik, er desse trekt noko meir tilbake enn bustaden det søkjast om.

Statsforvaltaren vurderer at det med omsyn til strandsoneinteressene er viktig at kommunen ikkje opnar for nye bustadhus i denne delen av Naddvik. Dei legg til at det er viktig å sikre grøntareal i strandsona, og at det vil vere naturleg å vurdere arealbruken i strandsona og sjøen på nytt i samband med det pågåande arbeidet med revisjon av arealdelen til kommuneplanen, med planvask, og ikkje gjennom ei dispensasjonshandsaming. Dei peikar på at dispensasjonspraksisen i regulerte område skal vere særleg streng, og at ei føremålsendring her må vurderast gjennom planendring og ikkje som dispensasjon.

Statsforvaltaren rår i frå å gje dispensasjon for bygging av bustadhus på den omsøkte plasseringa, og ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak i saka til klagevurdering.

#### NVE

Understrekar at den reelle faren for kvikkleire skred ikkje er avklart i søknaden, og at det må gjerast ein fagleg vurdering av dette. Den reelle faren må vere dokumentert og ivareteken før kommunen kan gje eit evt. løyve.

#### Vestland fylkeskommune

Høyringsdokumenta vart først fordelt internt hjå Vestland fylkeskommune til avdeling for infrastruktur og veg, utan at dei hadde nokon merknadar til søknaden.

Vestland fylkeskommune har gjort ein kulturminnefagleg vurdering av søknadsdokumenta. Fylkeskommunen legg innleiingsvis til at tiltaket ikkje er i tråd med gjeldande planverk, og at det går fram av føresegna at eksisterande naust skal bevarast slik det er i dag, og at den noverande strukturen skal oppretthaldast.

Fylkeskommunen vurderer at det omsøkte tiltaket har ein storleik og utforming som bryt med eksisterande bygg i strandsona og syner til pbl. § 29-2 *Visuelle kvaliteter* som presiserer at:

*«Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønninnehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering. Ved tiltak som knytter seg til et eksisterende byggverks ytre, kan kommunen i vurderingen legge vekt på hensynet til viktige historiske, arkitektoniske og andre kulturelle verdier.»*

Vestland fylkeskommune rår i frå at det vert gjeve løyve til oppføring av bustadhus i strandsona på gnr 3 bnr 2 i Naddvik.

## **Drøfting**

For at kommunen skal kunne gje dispensasjon må begge vilkåra i pbl. § 19-2 verte oppfylte. Omsynet bak føreseigna det søkjast å dispensera frå må ikkje verte vesentleg tilsidesett. Det må òg ligge føre ein klar overvekt av fordelar som talar for å gje dispensasjon.

Det vert søkt å dispensera frå avstand til vassdrag (100-metersbeltet), arealføremåla park (leik) og anna friområde i sjø og vassdrag. Grunna at tiltaksområdet ikkje er eit byggeområde i reguleringsplanen er det ikkje sett byggegrenser mot den kommunale vegen, og det må òg søkjast om dispensasjon frå avstand til kommunal veg jf. pbl § 29-4 jf. §§ 29 og 30 i veglova.

Tiltaket er plassert heilt ned mot strandkanten i snitt fem meter frå fjorden, mellom to naust i ei naustrekke på tre naust. Det står òg eit fjerde bygg på eigedomen som er planlagt å rive for å få plass til bustadhuset. Bygninga er omtala som «Guristova» i SEFRAK-registeret, men det går fram at bygget er nytta som naust/reiskapshus.

### Friområde/leikeområde

Som nemnt i kapittelet vedr. folkehelse er nedbygging av område avsett til friområde uheldig. Ved nedbygging av friområde må det i tråd med § 5 bokstav d. i *rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging* skaffast eit fullverdig erstatningsareal.

### 100-metersbeltet

Omsynet bak byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag er å sikre allmenn tilgang til strandsona, ivareta landskapsverdiar og hindre uheldig nedbygging av strandsona. Omsøkt tiltak er tenkt plassert om lag fem meter frå fjorden, og inneber ei sterk utnytting av strandsona. Bustaden vil liggje tett på sjøen og mellom eksisterande naust, noko som vil kunne endre karakteren i området frå eit naustmiljø til bustadføremål. Dette vil kunne medføre ei ytterlegare privatisering av strandsona og redusere opplevinga av området som eit allment tilgjengeleg strandareal. At området er regulert til leikeområde/friområde i sjø og vassdrag legg til grunn at området skal nyttast til dette føremålet, og ikkje til bustadføremål. Oppføring av ein bustad innanfor dette friområde vil vere ein vesentleg tilsidesetting av omsynet bak føreseigna om vern av strandsona.

### Høyringar

Saka har vore på høyring hjå relevante styringsorgan for uttale. NVE legg til grunn at den reelle faren for kvikkleire/områdeskred *må* avklarast før kommunen kan gje løyve, medan både Statsforvaltaren og fylkeskommunen rår å frå å gje dispensasjon.

### Vurdering

Omsyna bak arealføremåla i reguleringsplanen er i hovudsak knytt til å sikre areal til allmenta gjennom friområde og leikeareal, samt å oppretthalde den etablerte strukturen i strandsona. Ei omdisponering frå friområde og leikeareal til bustadføremål vil innebere ei privatisering av arealet og redusere tilgangen til grøne areal i strandsona. Nedbygging av areal avsett til friområde og leik er generelt vurdert som uheldig, då slike areal skal ivareta viktige omsyn til rekreasjon, opphald og aktivitet for allmenta. I tråd med rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging punkt 5d. skal det ved nedbygging av areal avsett til friområde skaffast eit fullverdig erstatningsareal. I søknaden er det opplyst om at det er etablert ein nærleikeplass i området på ein annan lokalisering, utan at dette er dokumentert.



Fordelane ved tiltaket er hovudsak knytt til tiltakshavar sitt ynskje om å etablere bustad på eigedomen. Tiltaket inneber eit nokså stort inngrep, med ein grunnflate på 96 m<sup>2</sup>, kor av mesteparten ikkje ligg innanfor bustadføremålet. Ulempene er knytt til nedbygging av regulerte friområde/leikeområde i reguleringsplanen, og tap av område for allmenta i strandsona.

Dispensasjonspraksisen i regulerte område skal vere særleg streng, og føremålsendring som i denne saka skal normalt vurderast gjennom planendring og ikkje dispensasjon. Sjølv om planen er nokså gamal av alder, tek den i stor grad omsyn til områdets karakter og verdi som kulturlandskap og strandsona. Planen har avsett område både til leikeareal/friområde i sjø og vassdrag, samt føresegn om bevaring av kulturmiljøet på staden.

Samla sett vurderer kommunedirektøren at korkje det fyste eller andre vilkåret i dispensasjonsvedtaket jf. pbl. § 19-2 er oppfylte. Omsynet bak føresegna det søkjast å dispensera frå, både med omsyn til friområdet, strandsona og kulturmiljø vert vesentleg tilsidesett. Det ligg heller ikkje føre nokon klare fordelar som talar for å gje dispensasjon. Praksisen for å gje dispensasjon frå regulerte område skal vere streng, særleg når det er snakk om føremålsendringar.

### **Økonomi**

Ikkje vurdert

### **Folkehelseperspektiv**

I gjeldande reguleringsplan (planid: 4643\_1424-1993001) er tomta regulert til *anna friområde i sjø og vassdrag*. Tomta er òg avsett til «leike-område». Det kjem fram av søknaden at kommunen ikkje har teke initiativ til å etablere ein nærleikeplass på tomta, og at det er opparbeidd ein nærleikeplass på ein anna lokalisering.

Nedbygging av friområde/leike-område er i utgangspunktet uheldig. Jf. § 5 bokstav d. i rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging skal det ved omdisponering av areal som er avsett til friområde skaffast eit fullverdig erstatningsareal som ein del av grunnlaget for godkjenning.

### **Miljø**

Saka er vurdert etter § 8 i naturmangfaldlova. Det finns ikkje registreringar av utvalde naturtypar, prioriterte artar eller raudlisteartar på tomta. Det er ikkje kome fram opplysningar i saka som kan tyde på at det kan vere artar der som ikkje ligg i databasen. Det er heller ikkje grunn til å tru at tilleggsregistreringar vil føre til ny kunnskap om dette. Krava i § 8 i naturmangfaldlova blir dermed vurdert som oppfylt.


Grunna at naturmangfald ikkje blir påverka av tiltaket, og det ikkje kan påvisast effekt av tiltaket på verdifull natur, legger kommunen til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12.

### **Behov for klimatilpassing**

Tomta ligg ikkje innanfor kartlagd faresone for skred jf. faresonekart hjå NVE. Området er ikkje kartlagd for flaumfare jf. faresonekart hjå NVE.

Heile tomte ligg innanfor faresone H320\_3 flaumfare i gjeldande kommuneplan, samt aktsomheitsområde for kvikkleire jf. aktsomheitskart hjå NVE.

Med omsyn til tiltakets storleik vert det naudsynt å gjennomføre ein «utsjekk» på den reelle faren for kvikkleire.



Figur 2: Skravert område syner aktsomheitsområde for kvikkleire. Tiltaksområdet er markert med raudt.

### Juridisk vurdering

Saka er vurdert til å ikkje medføre nokon juridiske konsekvensar.

### Pro et contra

Pro:

- Tiltakshavar får bygge nytt bustadhus

Contra:

- Nedbygging av ålment tilgjengeleg strandsone
- Nedbygging av fri- og leikeområde
- Ikkje i tråd med korkje regulerings- og kommuneplan
- Manglar erstatningsareal for friområdet
- Inneber riving av eit SEFRAK-registrert bygg

### Tilråding:

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon ikkje er oppfylte. Formannskapet gjev ikkje dispensasjon til oppføring av nytt bustadhus på gnr 3 bnr 2, Vikadalsvegen 787.

### 23.04.2026 Formannskapet

Framlegg til nytt vedtak, foreslått av Anita Hagen Lægreid, Arbeiderpartiet

1. Formannskapet sender saka tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing.

Formannskapet syner til at søkjar har kome med nye utdjupande opplysningar kring historikken for tomte, og for dei tilhøva som eksisterande planverk skulle ta omsyn til. I tillegg ynskjer formannskapet ei særskilt vurdering av tilhøvet til Statleg planretningsline for

differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, og kva handlingsrom kommunen har til å utøve skjønn. Om formannskapet skulle ynskje å imøtekome søknaden ber me administrasjonen førebu ei grunngjeving som inneheld nødvendige vurderingar for å stette krava til grunngjeving i slike saker.

2. Formannskapet ynskjer å gjennomføre ei synfaring i forbindelse med saka.

Anita Hagen Lægreid, AP fremja forslag til nytt vedtak.

Tilråding frå kommunedirektøren vart teken opp til røysting mot framlegg frå Anita Hagen Lægreid, AP.

Tilråding frå kommunedirektøren falt mot 7 røyster.

### **Fskap - 036/26 Vedtak**

1. Formannskapet sender saka tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing. Formannskapet syner til at søkjar har kome med nye utdjupande opplysningar kring historikken for tomta, og for dei tilhøva som eksisterande planverk skulle ta omsyn til. I tillegg ynskjer formannskapet ei særskilt vurdering av tilhøvet til Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, og kva handlingsrom kommunen har til å utøve skjønn. Om formannskapet skulle ynskje å imøtekome søknaden ber me administrasjonen førebu ei grunngjeving som inneheld nødvendige vurderingar for å stette krava til grunngjeving i slike saker.
2. Formannskapet ynskjer å gjennomføre ei synfaring i forbindelse med saka.

### **Vedlegg:**

3\_TEGN\_TegningNyFasade\_AØH illustrasjon R2

4\_KORR\_Folgebrev\_Følgjebrev

5\_KORR\_Nabovarsel\_Nabovarsel-1-20251215-1248

6\_KART\_Situasjonsplan\_AØH situasjonsplan R2

7\_TEGN\_TegningNyPlan\_plan og snitt

8\_TEGN\_TegningNyFasade\_Fasader

Søknad om dispensasjon fra arealplaner - Nytt hus

Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon - oppføring bustadhus - gnr. 3 bnr. 3 - Årdal kommune

NVE si uttale - Høring - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadhus på

Vikdalsvegen 787, bnr. 3 bnr. 3, Årdalstangen - Årdal kommune

Fråsegn - dispensasjon - Gnr. 3, Bnr. 3 - Vikadalsvegen 787 - Årdalstangen - oppføring av bustadhus

Uttale til søknad om dispensasjon - oppføring bustadhus - gnr. 3 bnr. 3 - Årdal kommune

Høyring - Søknad om dispensasjon for oppføring av bustadhus på gnr 3 bnr 3,

Vikadalsvegen 787, 6885 Årdalstangen

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 037/26  | Formannskapet | 23.04.2026 |

**Sakshandsamar:** Sebastian Hjertager Lund

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/339 -  
Ugyldig flettefelt

### Søknad om dispensasjon på gnr 9 bnr 287 - Sletterustsynet 98, 6884 Øvre Årdal

#### Saka gjeld

Tiltakshavar på gnr 9 bnr 287, Sletterustsynet 98 søker om dispensasjon frå arealføremålet i gjeldande reguleringsplan (planid: 4643\_1424-2008003), for utviding av tilkomstveg.

#### Bakgrunn

Tiltakshavar ynskjer å utvide eksisterande tilkomstveg ned til hyttetomt på gnr 9 bnr 287, Sletterustsynet 98. Vegen utførast som ein utviding av eksisterande tilkomstveg og er planlagt om lag 20 – 25 meter lang og 3 meter bred. Det opplysast i søknaden at terreng skal arronderast tilbake med stadeigne massar.

Bakgrunn for søknaden er at hytta skal renoverast, både vindauge og kledning skal skiftast, og det er behov for lettare transport av byggevarer.

Søknad om dispensasjon er grunna i:

- Ynskjer å etablere el-billader på husvegg, og treng difor tilkomst
- Tryggare og lettare tilkomst til hytta i samband med renovering
- Fjerna massar skal brukast om igjen for å forme vegen så naturleg som mogleg

#### Reguleringsplan

Tomta er regulert av *Utbyggingsplan for Tyedalen, felt H5* (planid: 4643\_1424-2008003). Sjølv hyttetomta er avsett til *byggjeområde – fritidsbustad*, medan tiltaksområdet for vegen er avsett til *område for friluftsliv*. Det er i planomtalen og føresegna planlagt nye tilkomstvegar til nye hyttetomter (markert med H1 – H7) på plankartet, medan det for eksisterande hytter ikkje er spesifisert i kva grad tilkomst vegar kan etablerast.

#### Kommuneplan

Området er avsett til *byggjeområde – fritidsbustad* i gjeldande arealdel til kommuneplanen. Jf. § 2-2 bokstav b. tredje ledd er det tillete med oppfylling av terreng inntil 1 meter ved

plassering av bygg, tilkomst og parkering. Fyllingar skal gjevast ein etterbehandling med stadbunden vegetasjon.

### **Drøfting**

For at kommunen skal kunne gje dispensasjon må begge vilkåra i pbl. § 19-2 vere oppfylte. Omsynet bak føreseigna det søkjast å dispensera frå må ikkje verte vesentleg tilsidesett, og det må ligge føre ein klar overvekt av fordelar som talar for å gje dispensasjon.

Tiltaksområde inngår i felt H5 i utbyggingsplanen for Tyedalen. Hytten vart allereie oppført då reguleringsplanen vart vedteken, og ligg difor inne som *fritidsbebyggelse – eksisterende (V)*. For byggpunkta som ligg inne som eksisterande gjed noko anna føresegner enn for nye hyttar. Som nemnt innleiingsvis er det lagt opp til vegframføring til alle nye hytter som vart regulert inn i planen. For eksisterande hyttar er det ikkje omtalt i kva grad ein kan/ikkje kan legge til rette for vegframføring.

Historiske flyfoto i perioden 2006 – 2025 syner at det har vorte etablert fleire nye tilkomstvegar, både til eksisterande hyttar, og til hyttar som vart oppført etter at reguleringsplanen vart vedteken. Noko som tyder på at det i praksis har vore lagt til rette for etablering av tilkomstvegar til fritidsbustadene på staden.

Når det gjeld omsynet bak arealføremålet friluftsområde i reguleringsplanen, er dette i hovudsak knytt til å sikre allmenn ferdsel, naturopplevingar og landskapsverdiar. Den omsøkte tilkomstvegen er av avgrensa lengd (20–25 meter) og breidde (3 meter), og vert etablert som ei utviding av eksisterande tilkomst. Tiltaket vil difor ha avgrensa påverknad på området som heilskap, og det er ikkje dokumentert at tiltaket vil redusere allmenn ferdsel eller tilgangen til området i vesentleg grad. Frå naturmangfaldskartlegging, utført av Norconsult i 2023, ligg tiltaksområdet ikkje innanfor nokon av dei kartlagde omsynssonane som synt i *figur 2*.

Kommunen legg òg vekt på at gjeldande kommuneplan opnar for etablering av tilkomst og tilhøyrande terrenginngrep i samband med byggjeområde for fritidsbustad, jf. § 2-2 bokstav b. Sjølv om reguleringsplanen er meir restriktiv, gir kommuneplanen uttrykk for ein meir oppdatert arealpolitikk som i større grad opnar for naudsynt tilrettelegging rundt eksisterande fritidsbebyggelse. Dette talar for at tiltaket ikkje er i strid med overordna arealstrategiar.

Fordelane ved tiltaket er etter kommunen si vurdering fleire. Tiltaket vil gi betre og tryggare tilkomst til hytta, særleg i samband med planlagd renovering. Det vil også leggje til rette for meir rasjonell transport av byggemateriale og redusere behovet for manuell transport i terrenget, noko som kan ha positive effektar også med omsyn til slitasje på nærliggjande område. Vidare vil etablering av tilkomst gjere det mogleg å installere elbilladar ved hytta, noko som er i tråd med nasjonale mål om elektrifisering og redusert utslepp.

Ulempene ved tiltaket knytter seg i hovudsak til inngrep i eit område avsett til friluftsføremål. Tiltaket medfører eit fysisk inngrep i terrenget, og vil i noko grad påverke landskapsbiletet lokalt. Samstundes vurderer kommunen at desse ulempene er avgrensa, både på grunn av tiltakets omfang og fordi det er tale om ei utviding av ein eksisterande tilkomstveg. Det vert òg lagt vekt på at inngrepet kan tilpassast terrenget på ein skånsam måte ved å nytte fjerna massar ved arrondering av terrenget.

Etter ei samla vurdering vurderer kommunedirektøren at tiltaket ikkje medfører ei vesentleg tilsidesetting av omsyna bak arealføremålet i reguleringsplanen. Vidare vurderer kommunedirektøren at fordelane ved tiltaket, særleg knytt til tryggleik, funksjonalitet og moglegheit for oppgradering av eksisterande fritidsbustad, er klart større enn ulempene. Villkåra for å gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 er dermed oppfylte.

### Økonomi

Ikkje vurdert

### Folkehelseperspektiv

Ikkje vurdert

### Miljø


Saka er vurdert etter § 8 i naturmangfaldlova. Heile planområdet ligg innanfor Lærdal-Årdal villreinområde. Som synt på figuren under er heile området på sørsida av Sletterust/Tyedalen klassifisert som område for tamrein (skravert område).



Figur 1: Oversikt over Lærdal - Årdal villreinområde

Norconsult, på oppdrag frå kommunen, har utarbeidd ein rapport som tek føre seg naturmangfaldet i Tyedalen. Figuren under syner skissert forslag til omsynssonar for Tyedalen der det er mange små omsynssonar samt éin stor. Dei små omsynssonene dekkar snøleier, myr og den mest kalkrike fjellheia, medan den store omsynssona sikrar eit større samanhengande område som knyt saman kalkrik hei, kildepåverka hei, snøleier og myr.

Omsøkt tiltak (raud sirkel på figur 2), fell ikkje innanfor nokon av omsynssonane i framlegget frå rapporten.



Figur 2: Uttrekk frå naturmangfaldskartlegging. Raud sirkel syner plassering av hyttetomt og omsøkt tiltak

### Behov for klimatilpassing

Planområdet ligg ikkje innanfor nokon kartlagde faresoner jf. faresonekart hjå NVE. Med omsyn til at omsøkt tiltak er ein tilkomstveg, med svært avgrensa personopphald vurderer kommunen at det ikkje er naudsynt med ytterlegare vurderingar i tråd med kap. 7 i TEK17.

### Juridisk vurdering

Saka er vurdert til å ikkje medføre nokon juridiske konsekvensar.

### Pro et contra

Pro:

- I tråd med føresegna i kommuneplanen jf. § 2-2 bokstav b.
- Gjev betre tilkomst til fritidsbustaden og gjer det mogleg å etablere el-billadar.
- Fjerne massar skal tilbakeførast ved arrondering av terrenget

Contra:

- Ikkje i tråd med arealføremålet i gjeldande reguleringsplan
- Reguleringsplanen har ikkje eigne føresegn for etablering av tilkomstvegar for eksisterande fritidsbustader
- Ligg innanfor Årdal-Lærdal villreinområde (tamrein).

### Tilråding:

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev, i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon til etablering av tilkomstveg til gnr 9 bnr 287, Sletterustsynet 98.

### 23.04.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.

Samrøystes



**Fskap - 037/26 Vedtak**

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev, i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon til etablering av tilkomstveg til gnr 9 bnr 287, Sletterustsynet 98.

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon fra kommuneplan sin arealdel

Følgjebrev til dispensasjonssøknad

Nabovarsel

Kvittering for nabovarsel

Situasjonskart

Bilder av hytta



# Årdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 038/26  | Formannskapet | 23.04.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/503 -  
Ugyldig flettefelt

### Samlesak for delegerte byggesaker

**Tilråding:**

Delegerte byggesaker vert tekne til orientering.

**Dokument i saka:**

| Saksnr. | Tittel                                                                                                                                             |
|---------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|         | Delegert vedtak 26/010 - Løyve til uttak av massar for utbetring av veg i Offerdalen, 6885 Årdalstangen                                            |
|         | Delegert vedtak 26/108 - Løyve til å rive campinghytter på gnr 27 bnr 25, Hydrovegen 32, 6885 Årdalstangen                                         |
|         | Delegert vedtak 26/109 - Løyve til fasadeendring og utviding av balkong på gnr 6 bnr 144, Hagavegen 2, 6885 Årdalstangen                           |
|         | Delegert vedtak 26/110 - Løyve til mindre fasadeendring på gnr 5 bnr 12, Tangevegen 31, 6885 Årdalstangen                                          |
|         | Delegert vedtak 26/206 - Ferdigattest for tilbygg, fasadeendring og rehabilitering på gnr 3 bnr 12, Hola 21, 6885 Årdalstangen                     |
|         | Delegert vedtak 26/207 - Ferdigattest for fasadeendring og mindre rehabilitering av kontorbygg på gnr 18 bnr 165, Utladalsvegen 1, 6885 Øvre Årdal |
|         | Delegert vedtak 26/208 - Ferdigattest for hagestove på gnr 29 bnr 2, Dalavegen 25, Årdal kommune                                                   |
|         | Delegert vedtak 26/209 - Ferdigattest for riving av SEFRAK-registrert bygning, gnr 29 bnr 2, Dalavegen 25                                          |
|         | Delegert vedtak 26/111 - Løyve til plassering av mellombels bygning ved bomstasjonen på Berdalsbandet, Tindevgegen, 6884 Øvre Årdal                |
|         | Delegert vedtak 26/011 - Løyve til å føre opp mellombels brakkerigg på gnr 27 bnr 25 og 251, Hydrovegen 32, 6885 Årdalstangen                      |

## **23.04.2026 Formannskapet**

Tilråding vart teken opp til røysting.  
Samrøystes.

### **Fskap - 038/26 Vedtak**

Delegerte byggesaker vert tekne til orientering.

# Årdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 039/26  | Formannskapet | 23.04.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/503 -  
Ugyldig flettefelt

### Samlesak for delegerte saker

#### Tilråding

Delegerte saker vert tekne til orientering.

#### Dokument i saka:

| Saksnr. | Tittel                                          |
|---------|-------------------------------------------------|
|         | Seksjonering av gnr. 9, bnr. 315 i Røtisvegen 5 |

#### 23.04.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting

#### Fskap - 039/26 Vedtak

Delegerte saker vert tekne til orientering.